

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		HHB
018/15	Ungdomsrådet	02.06.2015	HHB
017/15	Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	02.06.2015	HHB
035/15	Utval for plan og miljø	08.06.2015	HHB

Sakshandsamar: Helle Holte Bruland

Arkivsaknr 12/215

Kommuneplanens arealdel - Høyringsdokument Planomtale, plankart, føresegner og retningslinjer

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune legg arealplanen, med plankart, planomtale, føresegner og retningslinjer ut til offentlig ettersyn.

Høyringsfrist vert sett til 20. august 2015.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-14

08.06.2015 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

Felles framlegg frå UPM:

Fusa kommune legg arealplanen, med plankart, planomtale, føresegner og retningslinjer ut til offentlig ettersyn. Administrasjonen får mandat til å rette opp språkfeil og faktaopplysningar, til dømes at fergeleie er på Venjanaset, og ikkje Fusa. Eit anna døme er at det må vera samsvar i teksten mellom føresegnene 1.7 og 1.8 (Gjeld Sævareidvassdraget)

UPM tilrår vidare at kommunestyret tek med felte BB 3 Grimeneset, BB 4 Helland og BN 5 Eikelandsheiane, ut i frå konsekvensutgreiing og faglege vurderingar, slik at dei også skal fylgja resten av arealplanen og leggjast ut til offentlig ettersyn.

UPM tilrår vidare at fylgjande punkt skal fylgja arealplanen ut på offentleg ettersyn:
(Alle punkta vart votert over, og samlege vart tilrådd einstemmig med unntak av punkt 3 og 9.)

1. B 29 (bustadområde BB6 For/Skjørsand) skal takast med i høve til utkastdokumentet
2. B 46 skal inn (Utviding av eksisterande bustadområde på Skåtaklubben)
3. B 60 vart vurdert inn, og votert med ei stemme (Roger Hoel, Frp) mot 8, vert ikkje med. (LNF spreidd område med inntil 5 einingar, vidareført som det står – og ikkje lagt ut til tett bygging)
4. B 32 skal inn (Bustadområde spreidd LNF inntil 2 einingar)
5. SBH 18 tas med fordi låssettingsplass ikkje har vore i bruk på mange år (småbåthamn på Skåtaklubben)
6. LSB Berge (3) takast ut (Spreidd LNF område for bustad på nedsida av vegen)
7. Lammanesheiane skal inn med 4 bustadeiningar (Utviding av eksisterande bustadområde)
8. BN2 og BN3 skal omtalast i høve til planomtale (forskyvning i nummerering, teknisk feil som skal rettast)
9. Føresegn 2.14: Max storleik fritidsbustad skal endrast til 125 kvm
 - a. Votert slik: Framlegg frå Steinar Berland, H: Max storleik: 175 kvm fekk 4 stemmer: Haldor Tuft, Sp, Steinar Berland og Aud May Boge, H, Roger Hoel, Frp.
 - b. Max storleik 125 kvm fekk 5 stemmer: Stina Kvåle Bergesen og Anne Martinsen, Krf, Marianne Borge Sp, Hans Ekeberg, Ap og Gustav Folkestad, V.
10. Føresegn 5.20: Max storleik fritidsbustad endrast til 125 kvm (må vere i samsvar med føresegn 2.14)
11. SBH 37 Tveitnes skal innarbeide småskala båthamn.

Høyringsfrist vert sett til 20. august 2015.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

UPM-035/15 VEDTAK:

Fusa kommune legg arealplanen, med plankart, planomtale, føresegner og retningslinjer ut til offentleg ettersyn. Administrasjonen får mandat til å rette opp språkfeil og faktaopplysningar, til dømes at fergeleie er på Venjanaset, og ikkje Fusa. Eit anna døme er at det må vera samsvar i teksten mellom føresegnene 1.7 og 1.8 (Gjeld Sævareidvassdraget)

UPM tilrår vidare at kommunestyret tek med felte BB 3 Grimeneset, BB 4 Helland og BN 5 Eikelandsheiane, ut i frå konsekvensutgreiing og faglege vurderingar, slik at dei også skal fylgja resten av arealplanen og leggast ut til offentleg ettersyn.

UPM tilrår vidare at fylgjande punkt (med unntak av punkt 3) skal fylgja arealplanen ut på offentleg ettersyn:

1. B 29 (bustadområde BB6 For/Skjørsand) skal takast med i høve til utkastdokumentet
2. B 46 skal inn (Utviding av eksisterande bustadområde på Skåtaklubben)
3. B 60 vart vurdert inn, men vert ikkje med. (LNF spreidd område med inntil 5 einingar, vidareført som det står – og ikkje lagt ut til tett bygging)
4. B 32 skal inn (Bustadområde spreidd LNF inntil 2 einingar)
5. SBH 18 tas med fordi låsettingsplass ikkje har vore i bruk på mange år (småbåthamn på Skåtaklubben)
6. LSB Berge (3) takast ut (Spreidd LNF område for bustad på nedsida av vegen)
7. Lammanesheiane skal inn med 4 bustadeiningar (Utviding av eksisterande bustadområde)
8. BN2 og BN3 skal omtalast i høve til planomtale (forskyvning i nummerering, teknisk feil som skal rettast)
9. Føresegn 2.14: Max storleik fritidsbustad skal endrast til 125 kvm
10. Føresegn 5.20: Max storleik fritidsbustad endrast til 125 kvm (må vere i samsvar med føresegn 2.14)
11. SBH 37 Tveitnes skal innarbeide småskala båthamn.

Høyringsfrist vert sett til 20. august 2015.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

02.06.2015 RÅD FOR SENIORAR OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming:

Ingebjørg Naa Helle fremja følgjande felles framlegg til vedtak:

Kommentar/innspeil:

Dette er eit overordna dokument og prinsippet med universell utforming må nemnast innleiingsvis, tilliks som andre viktige prinsipp i føresegnene.

Felles framlegg fremja av Ingebjørg Naa Helle vart samrøystes vedteke.

RAAD-017/15 VEDTAK:

Kommentar/innspeil:

Dette er eit overordna dokument og prinsippet med universell utforming må nemnast innleiingsvis, tilliks som andre viktige prinsipp i føresegnene.

.....

02.06.2015 UNGDOMSRÅDET

Handsaming:

Arealplanleggjar Helle Holte Bruland møtte for å orientera om planarbeidet.

Fusa ungdomsråd tok saka til samrøystes til orientering

UNG-018/15 VEDTAK:

Fusa ungdomsråd tek saka til orientering

.....

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg:

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.05.2015	Plankart, framlegg til off. ettersyn pr.19.05.2015	95534
21.05.2015	Føresegner og retningsliner, framlegg til off. ettersyn pr.19.05.2015	95561
21.05.2015	Planomtale, planframlegg til off. ettersyn pr.19.05.2015	95666

Ikkje vedlegg(ligg på heimesida til Fusa kommune):

Funksjonell strandsonekartlegging
KU og ROS arealplan

Faktiske opplysninger:

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan, jf. PBL § 11. Kommuneplanen omfattar ein samfunnsdel og ein arealdel. Fusa kommune sin samfunnsdel vart vedteken i 2011. Kommuneplanen sin arealdel vart sist vedteken i 2006. Det vart starta arbeid med å rullere arealdelen for Fusa i 2012.

Det føreliggjande dokumentet omfattar berre arealdelen, og er utarbeidd med heimel i pbl § 11-5. Denne konkretiserer dei arealmessige konsekvensane av samfunnsdelen. Arealplanen består av planomtale, plankart, føresegner og retningslinjer. Plankart og føresegner er juridisk bindande etter vedtak. Retningslinjene er ikkje juridisk bindande. Planomtalen er eit retningsgivande dokument, som gjer greie for tankane rundt arealplanen og korleis den har vore jobba med. Arealplanen godkjennast for ti år, og kan rullerast ved behov.

Etter pbl. § 11-14 leggjast arealplanen på høyring i minst seks veker. Fusa kommune utvidar denne perioden til ti veker, frå om lag 18 juni til 20 august 2015, grunna ferieavvikling.

Vurdering:

Det har vore brei administrativ medverknad igjennom heile prosessen, og arealplanen er godt forankra i planprogram(2013) og samfunnsdel(2011). Planomtalen kap. 1 og 2 gjer vidare greie for prosjektorganisering, politisk medverknad og prosess. Dette vert derfor ikkje gått nærare inn på i saksframstillinga.

Plankartet har påført årstala 2015 – 2026, dette er feil og skal endrast til 2015 – 2027.

Område som gjeld der Berit Fløisand er erklært inhabil:

Tidlegare i prosessen ved handsaming av innspel til arealbruk (saksnr. 041/14), vart det gjort greie for rådmannen sin inhabilitet, sitat: I samsvar med forvaltingslova sine reglar om inhabilitet –kap. II §§6-10 seier rådmann Berit Fløisand seg difor inhabil når det gjeld handsaming av bustadområde i Eikelandsosen. Rådmannen har i denne saka – ved vurdering av bustadområde i Eikelandsosen – følgd praksis som tidlegare er avklart med formannskapet: er rådmannen ugild skal det kun gjerast greie for faktiske forhold og det skal ikkje gjerast vurderingar/framlegg til vedtak. Planutvalet må etter dette gjera eventuelle prioriteringar av kva nye bustadområde som skal konsekvensutgreiast i Eikelandsosen. Det vart i møte 17.06.2014 fatta vedtak om at områda i Eikelandsosen skulle takast med til vidare vurdering.

Området BB4 på Helland, BB3 Grimeneset, BN5 Eikelandsheiane i Eikelandsosen er vurdert positivt i konsekvensutgreiinga som er utarbeidd av ekstern konsulent. Konsekvensutgreiinga ligg på heimesida til Fusa kommune. Områda er teikna inn på framlegg til plankart. BB4 og BN5 er i tillegg omtala i føresegnene med rekkefølgjekrav.

Planutvalet må vurdere om områda BB3, BB4, og BN5 skal vera ein del av planframlegget som vert lagt ut til offentleg ettersyn.
